

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2014	Formannskapet i Radøy	PS	05.06.2014
018/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/298	14/5414

Budsjettregulering vår 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skjema 1A for 2014 vert endra slik:

Skatteinngang vert redusert med kr 4.305.000

Rammetilskot vert auka med kr 3.647.000

Bruk av disposisjonsfond vert auka med kr 658.000

Samla endring kr 0,-

Skjema 1B vert endra slik:

Austebygd skule	-205 000
Hordabø skule	-338 000
Manger skule	-19 000
Sæbø skule	-508 000
Radøy ungdomsskule	-32 000
PP-Teneste	-1 000
Austebygd barnehage	-125 000
Bø barnehage	-182 000
Prestmarka barnehage	-23 000
Sæbø barnehage	-153 000
Barnevern	-1 000
Psykisk helse	-1 000
Radøy interkommunale busenter	-9 000
Velferdsenteret	-27 000
Radøy matsørvis	-13 000
Heimetenesta	-6 000
Omsut	-13 000
Teknisk drift	1.656.000
Sum ending	0

Saksopplysingar:

Det er trong for å justera dei pårekna frie inntektene i budsjettet for 2014. Dei siste inntektsprognosane syner at departementet legg til grunn eit rammetilskot, medrekna inntektsutjamning, på kr 149.033.000, som er kr 3.647.000 større enn budsjettet. Skatteinngangen er rekna med å verta ca kr 108.574.000, som er kr 4.305.000 lågare enn budsjettet. Samla gir dette reduserte frie inntekter

på ca kr 660.000. Det er justeringar i inntektsopplegget for kommunane som fører til denne reduksjonen. I inntektsmodellen kjem endringane fram slik:

Endring skatt og deflator	334.000
Endring barnehage	-643.000
Endring grunnskule	-190.000
Endring barnevern	34.000
Utlemming rustilskot	-217.000
Dobbeltram sjukeheimar	17.000
Sum endring	664.000

Detaljane i dette går fram av det salderede statsbudsjettet for 2014, og reflekterer sentrale politiske prioriteringar. Den einskilde kommune står likevel «fritt» til å prioritera bruken av midlane – eller innsparingane som må gjerast.

Skatteinngangen er alltid usikker, difor er dei samla tala ikkje presise. Det finst også fleire modellar for utrekning av pårekna skatteinngang, og desse gir ulikt utslag. Uansett fører auka skatteinngang til redusert inntektsutjamning og omvendt.

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 5. mai 2014 stilt krav om at dei reduserte inntektene må dekkast i ved budsjettregulering snarast råd. Rådmannen vil difor rå til at mindreinntekta vert dekkast av disposisjonsfondet. Dette er ikkje den beste løysinga, men rådmannen ser førebels ikkje noko betre alternativ. Rådmannen kjem attende med ein meir grundig gjennomgang av budsjettsituasjonen snarast råd.

Rådmannen ønskjer samstundes å gjera budsjettendring knytt til overføring av ressursar til reinhald frå nokre tenesteområde til **felles reinhald, ansvar 6120**. Tenesteområda som er omfatta endringa er Austbygd skule og barnehage, Hordabø skule, Bø barnehage, Sæbø skule og Sæbø barnehage. Endringa fører ikkje til noka endring av netto budsjetttramme, men fører til endring i rammene på dei aktuelle tenesteområda. Overføringa får verknad frå 1.4.2014. Budsjettverknad i skjema 1B 2014 vert slik:

Austebygd skule	-205 000
Hordabø skule	-338 000
Manger skule	-19 000
Sæbø skule	-508 000
Radøy ungdomsskule	-32 000
PPT	-1 000
Austebygd barnehage	-125 000
Bø barnehage	-182 000
Prestmarka barnehage	-23 000
Sæbø barnehage	-153 000
Barnevern	-1 000
Psykisk helse	-1 000
Radøy interkommunale busenter	-9 000
Velferdsenteret	-27 000
Radøy matsørvis	-13 000
Heimetenesta	-6 000
Omsut	-13 000
Teknisk drift	1.656.000

Sum ending	0
------------	---

Formannskapet i Radøy - 052/2014

FS - handsaming:

Justeringar i inntektsopplegget for kommunane har ført til ein reduksjon på ca 660.000 kroner i frie inntekter til Radøy kommune. Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 5. mai 2014 stilt krav om at dei reduserte inntektene må dekkast i ved budsjettregulering snarast råd.

Økonomisjefen orienterte om at kommunen kan dekkja inn mindreinntekta på 660.000 kroner frå disposisjonsfondet. Det øvrige meirforbruket må sjåast i ein større samanheng og i ein meir grundig gjennomgang av budsjettsituasjonen. Rådmannen signaliserte at han vil koma tilbake til formannskapet med moglege løysingar for å betra den økonomiske situasjonen.

Formannskapet er uroleg over den økonomiske situasjonen, og administrasjonen fekk i oppdrag å snu alle steinar.

Ordførar Jon Askeland meiner det er riktig å bruka KOSTRA-tal for å få fram eit godt talgrunnlag for å samanlikna dei kommunale tenesteområda med andre kommunar. Økonomisjefen svara at kommunen samarbeidar med fylkesmannen om relevante kommunar å samanlikna seg med på dette området.

Roy Bø (FrP) meiner kommunen må begynna å stramma inn på enkelte område, t.d. ved innkjøps- og stillingsstopp.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Skjema 1A for 2014 vert endra slik:

Skatteinngang vert redusert med kr 4.305.000

Rammetilskot vert auka med kr 3.647.000

Bruk av disposisjonsfond vert auka med kr 658.000

Samla endring kr 0,-

Skjema 1B vert endra slik:

Austebygd skule	-205 000
Hordabø skule	-338 000
Manger skule	-19 000
Sæbø skule	-508 000
Radøy ungdomsskule	-32 000
PP-Teneste	-1 000
Austebygd barnehage	-125 000
Bø barnehage	-182 000
Prestmarka barnehage	-23 000
Sæbø barnehage	-153 000
Barnevern	-1 000
Psykisk helse	-1 000
Radøy interkommunale busenter	-9 000
Velferdsenteret	-27 000
Radøy matsørvis	-13 000

Heimetenesta	-6 000
Omsut	-13 000
Teknisk drift	1.656.000
Sum ending	0

Kommunestyret i Radøy - 018/2014

KS - handsaming:

Ordføraren peika på at Radøy har svært lite å henta for å auka inntektene, og at alternativa for å få balanse i økonomien er auke i eigedomsskatt eller kutt i drift, kutt gjennom endra struktur, eller å gå for fusjon. Radøy står overfor krevjande utfordringar.

Han viste til at eit samrøystes formannskap har gitt grønt lys for at administrasjonen før budsjettprosessen legg fram Kostra-tal frå meir samanliknbare kommunar enn nabokommunane. Frode Hervik (V) etterlyste prioriteringsliste for asfaltering av kommunale vegar. Prioriteringsliste skal sendast ut saman med møtebok.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

Skjema 1A for 2014 vert endra slik:

Skatteinngang vert redusert med kr 4.305.000

Rammetilskot vert auka med kr 3.647.000

Bruk av disposisjonsfond vert auka med kr 658.000

Samla endring kr 0,-

Skjema 1B vert endra slik:

Austebygd skule	-205 000
Hordabø skule	-338 000
Manger skule	-19 000
Sæbø skule	-508 000
Radøy ungdomsskule	-32 000
PP-Teneste	-1 000
Austebygd barnehage	-125 000
Bø barnehage	-182 000
Prestmarka barnehage	-23 000
Sæbø barnehage	-153 000
Barnevern	-1 000
Psykisk helse	-1 000
Radøy interkommunale busenter	-9 000
Velferdsenteret	-27 000
Radøy matsørviss	-13 000
Heimetenesta	-6 000

Omsut	-13 000
Teknisk drift	1.656.000
Sum ending	0